



Åmli er på veg til Dønhaug, men dei har løyveproblem

Saksbehandlar Mette Guddal i kommunen har skrive til Dønhaug Gjestegard om skjenkeløyve og bruksløyve og vist til eit vedtak i formannskapet i juni 2008 om fornying av skjenkeløyve på visse vilkår.' Eitt av vilkåra er at pålagde utbetringar med omsyn til rømningstryggleik er utbetra.

Guddal har motteke melding frå byggesakskontoret/brannvern om at manglane ikkje er utbetra og at Dønhauglåven ikkje har gyldig bruksløyve.

Bruksløyvet var gjeldande fram til 15. februar 2009.

Guddal syner til retningslinene for brot på løyvevilkår og ber om dokumentasjon på at manglane er utbetra innan 13. april.

Skjenkeløyvet kan etter retningslinene bli inndrege til forholda er ordna opp i, skriv saksbehandlaren.

Låvedans-sesongen på Dønhaug skal etter planen starta 20. april med Åsmund Åmli Band.

Av Ola Matti Mathisen



Magne Huglen har fått løyveproblem. Mette Guddal er saksbehandlar i kommunen. (Foto: Ola Matti Mathisen)